



Heile helga varer ei redningsøving som no er igang i fjellet i Rosendal og Uskedalen og som er eit årleg opplegg. Både eit Sea King helikopter og ein luftambulanse er i aktivitet og øvinga er i regi av Hordaland Alpine Redningsgruppe, Men det deltek 40 redningsmenn frå store delar av landet.



40 redningsmenn var samla under Nåso i dag (Foto: Kvinnheringen)

For å samkøyra utstyr og personell møtar gruppa luftambulanse, 330-skvadronen, hovudredningssentralen og politiet og det er viktig i arbeidet for å heva kvaliteten og gjera operasjonane så sikre som mogeleg. Biletet øverst vart teke under ein redningsoperasjon i Nåso for ein månad sidan.

Foto: Ola Matti Mathisen